

E-post korrespondanse – uttak av jerv

Frå Aud Hove til Miljødirektoratet 13. mars 2020

Oppfordring til uttak av jerv i tapsutsatte område

Hei!

Viser til tidlegare kommunikasjon om ekstraordinære tiltak for uttak av jerv i Oppland, region 3, vinteren 2019-2020.

Nå er lisensfellingsperioden for jerv for lengst over og vi fekk ikkje teke ut heile kvota denne gongen heller sjølv om det har gått litt betre enn dei føregåande åra.

Vi har eit område som vi ser har hatt store tapstal over fleire år og der vi ikkje har lykkast med å ta ut jerv. Dette er eit område i Reinheimen og gjeld Lesja og Skjåk kommune.

Eg tok også opp dette med Miljødirektoratet på telefonmøtet vi hadde den 31. januar 2019.

Nå har fylkesmannen i dialog med beitelag i området kome med eit tilbod om tilskot til tidleg nedsanking i kombinasjon med utvida tilsyn. Rovviltnemnda i Oppland, region 3, har over fleire år vore tydelege på at planlagt tidlegsanking er siste utveg og skal ikkje erstatte forsøk på å ta ut skadedyr eller regulere ned bestanden i dei områda som har store tap. I forvaltningsplanen har vi poengtert at forvaltninga må gjennomførast på ein slik måte at risikoen for tap og liding blir redusert mest mogleg gjennom førebyggjande tiltak og bestandsregulering. Vi har også over fleire år peikt på målretta uttak for å ta ut skadedyr i område der det har vore store tap. Det har vi ved fleire tilfelle sett fungerer.

I Oppland, region 3, har vi liggi langt over bestandsmålet over fleire år og derfor må vi regulere bestanden innanfor jerveprioritert sone. Vi veit også at Møre og Romsdal har utfordringar med tap til jerv i same område som Skjåk og Lesja. Desse områda grenser til kvarandre.

Det tilbodet som fylkesmannen har gjeve beitelaga ser vi ikkje på som noko permanent ordning, men som eit tiltak fram til vi får regulert bestanden i dette området, og at tapa til jerv over år blir på eit lågare nivå.

Derfor vil vi med dette instendig be om at Miljødirektoratet vurdere tiltak denne våren i dette området. Dette gjeld beitelagsområda Skjåk avdeling Reinheimen, Lordalen og Lesjaskog i Lesja.

Med vennlig hilsen

Aud Hove

Fylkesvaraordfører

Politisk virksomhet